

**Fra:** Petter Lem Gullestad (Petter.Lem.Gullestad@hfk.no)

**Sendt:** 17.09.2018 08:57:21

**Til:** 'Lars Kvamme'

**Kopi:**

**Emne:** VS: Svar på krav om innsyn

**Vedlegg:** image001.png

Hei igjen,

Takk for dine spørsmål.

### **Postane under fylkesveg**

Kostnadsposten på 8,5 mill er Hordaland fylkeskommune sine faktiske kostnader knytt til reetablering av fylkesvegane etter Sykkel-VM.

Kravsposten på 8,5 mill er Hordaland fylkeskommune sitt utestående krav mot konkursbuet til Bergen 2017, samsvarande med kostnadene knytt til reetablering av fylkesvegane.

Inntektsposten på 8,5 mill er Hordaland fylkeskommune sin andel av opphavelog løyving frå Kulturdepartementet på 30 mill. Denne posten gjeld tilrettelegging av kollektivtransport, og er ved ein inkurie ført under «Fylkesveg». I referatsaka for fylkesutvalet vil dette bli retta opp, og inntekta vil finnast under «Kollektiv løyving».

### **Postane under kollektiv**

- Kostnaden på 18,1 mill er knytt til Skyss si ekstra ruteproduksjon og ressursbruk i samband med Sykkel-VM.

Inntekta på 5,2 mill er «meirinntekt» i Skyss sitt billettsal under Sykkel-VM 2017 samanlikna med same periode i 2016.

Kravsposten på 4,2 mill er ei ekstra løyving frå Kulturdepartementet avsett til Skyss. Løyvinga vart aldri overført til Skyss, og er derfor framsett som krav i konkursbuet til Bergen 2017.

Det har ikkje vore ei føresetnad at inntekter (+evt krav) skal vere lik kostnader. Hordaland fylkeskommune har bidrege med betydelege økonomiske middel til Sykkel-VM.

Helsing

**Petter Lem Gullestad**

Økonomi- og organisasjonsavdelinga  
Kommunikasjonsseksjonen | Fylkessekretariatet  
**HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

Tlf: 926 19 434

[petter.lem.gullestad@hfk.no](mailto:petter.lem.gullestad@hfk.no)

---

**Fra:** Petter Lem Gullestad

**Sendt:** fredag 14. september 2018 11:50

**Til:** 'Lars Kvamme' <lars.kvamme@bt.no>

**Emne:** SV: Svar på krav om innsyn

Hei igjen,

Sakshandsamar for den aktuelle saka er bortreist og er tilbake på jobb måndag. Eg må koma tilbake til deg

måndag med eit svar.

Helsing

**Petter Lem Gullestad**

Økonomi- og organisasjonsavdelinga  
Kommunikasjonsseksjonen | Fylkessekretariatet  
**HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

Tlf: 926 19 434

[petter.lem.gullestad@hfk.no](mailto:petter.lem.gullestad@hfk.no)

**Fra:** Lars Kvamme <[lars.kvamme@bt.no](mailto:lars.kvamme@bt.no)>

**Sendt:** torsdag 13. september 2018 14:11

**Til:** Petter Lem Gullestad <[Petter.Lem.Gullestad@hfk.no](mailto:Petter.Lem.Gullestad@hfk.no)>

**Emne:** Re: Svar på krav om innsyn

Hei igjen,

En liten ting til:

Jeg forstår ikke denne:

**Oversikt over HFK sine kostnader i samband med sykkel VM.**

I juni 2013 vart det løyvd 15 mill. kr til sykkel-VM etter opphavleg søknad frå Bergen 2017, og i budsjettvedtak gjeldande for 2017 vart det løyvd 2,5 mill. kr.

	Kostnader	Inntekter	Mill. kr Krav/manglande inndekking
Kollektiv	18,1	5,2	4,2
Fylkesveg	8,5	8,5	8,5
Kulturområdet	2,5		
Advokatkostnader	0,3		
<b>Totalt</b>	<b>29,4</b>	<b>13,7</b>	<b>12,7</b>

På fylkesveg står det 8,5 i utgift, og 8,5 i inntekt og 8,5 på manglende innbetaling. Hvordan henger det sammen? Og på kollektiv står det 18,1 i kost, 5,2 i inntekt og 4,2 i manglende inndekning. Og inntekter + krav er ikke lik totalkostnaden.

Kan du oppklare?

Med vennlig hilsen,

**Lars Kvamme**

Journalist

Bergens Tidende

Mobil: +47 92015431

Epost: [lars.kvamme@bt.no](mailto:lars.kvamme@bt.no)

Twitter: @safarilars

Den tor. 13. sep. 2018 kl. 13:50 skrev Petter Lem Gullestad <[Petter.Lem.Gullestad@hfk.no](mailto:Petter.Lem.Gullestad@hfk.no)>:

Hei igjen,

Ja, det er det som er forklaringa – reell kostnad er fratrukke moms fordi fylkeskommunen har rett til momskompensasjon.

Kostnaden til Hordaland fylkeskommune er kr 246 993.

Helsing

**Petter Lem Gullestad**

Økonomi- og organisasjonsavdelinga  
Kommunikasjonsseksjonen | Fylkessekretariatet  
**HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

Tlf: 926 19 434

[petter.lem.gullestad@hfk.no](mailto:petter.lem.gullestad@hfk.no)

**Fra:** Lars Kvamme <[lars.kvamme@bt.no](mailto:lars.kvamme@bt.no)>

**Sendt:** torsdag 13. september 2018 12:55

**Til:** Petter Lem Gullestad <[Petter.Lem.Gullestad@hfk.no](mailto:Petter.Lem.Gullestad@hfk.no)>

**Emne:** Re: Svar på krav om innsyn

Takk for grundig svar.

Jeg bare lurte på dette med differansen i kostnaden. Er det reelle tallet fratrukket moms, er det det som er forklaringen? Er det fordi HFK er fritatt for moms på den type utgifter?

Med vennlig hilsen,

**Lars Kvamme**

Journalist

Mobil: +47 92015431

Epost: [lars.kvamme@bt.no](mailto:lars.kvamme@bt.no)

Twitter: @safarilars

Den tor. 13. sep. 2018 kl. 12:36 skrev Petter Lem Gullestad <[Petter.Lem.Gullestad@hfk.no](mailto:Petter.Lem.Gullestad@hfk.no)>:

Hei,

Viser til dykkar krav om innsyn datert 6. september 2018 samt e-post datert 7. september.

1. Bergens Tidende ber med dette om innsyn i all korrespondanse mellom Hordaland fylkeskommune og Arne Laastad fra månedene mai, juni, juli og august, 2018.

**Svar:** Krav om innsyn er innvilga. Sjå vedlegg 2-10 og vedlegg 12-13.

2. Jeg ber også om innsyn i all kommunikasjon mellom Hordaland fylkeskommune og Kluge advokatkontor i forbindelse med konkursboet etter Bergen 2017 AS fra de samme månedene.

**Svar:** Innsyn vert innvilga for notat datert 11. mai 2018 frå Kluge Advokatfirma AS til Hordaland fylkeskommune. Sjå vedlegg 1. Til orientering var notatet del av saksunderlaget for fylkestinget i deira møte 12.06.2018.

Hordaland fylkeskommune har også motteke eit notat datert 22. august 2018 frå Kluge Advokatfirma AS, journalpostnr. 2014/1636-48. Det går fram av offentleglova § 15 andre ledd:

*«Det kan vidare gjerast unntak for delar av dokument som inneheld råd om og vurderingar av korleis eit organ bør stille seg i ei sak, og som organet har innhenta til bruk for den interne saksførebuinga si, når det er påkravd av omsyn til ei forsvarleg ivaretaking av det offentlege sine interesser i saka.»*

Dokumentet inneheld råd og vurderingar knytt til Hordaland fylkeskommune si rettsposisjon ovanfor konkursbuet til Bergen 2017 AS. Det er påkravd å unnta dokumentet frå offentleggjering for å ivareta Hordaland fylkeskommune sine interesser i saka. Dokumentet vert derfor å unnta med heimel i offentleglova § 15 andre ledd.

Når det er høve til å gjera unntak frå innsyn, skal organet likevel vurdere å gi heilt eller delvis innsyn. Organet bør gi innsyn dersom omsynet til offentleg innsyn veg tyngre enn behovet for unntak, jf. offentleglova § 11. Meirinnsyn etter § 11 er vurdert, men dokumentet vert fortsatt å unnta då det er eit reelt og sakleg behov for å nekte innsyn av omsyn til å sikre ei forsvarleg ivaretaking av Hordaland fylkeskommune sine interesser i saka.

Dokumentet vert unnateke offentleggjering i si heilhet jf. offentleglova § 12 bokstav c, då dei unnatekne

opplysningane utgjør den vesentlegaste delen av dokumentet.

**Vedtak:**

***Krav om innsyn i dokument 2014/1636-48 vert avslått med heimel i offentleglova § 15 andre ledd, jf. § 12 bokstav c.***

Dette vedtaket kan klagast på, jf. offentleglova §§ 31 og 32. Fristen for å klage er 3 veker etter at ein fekk melding om vedtaket. Klageinstans er Fylkesmannen i Hordaland. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, ved Fylkessekretariatet.

3. Jeg ber samtidig om innsyn i en juridisk betenkning som skal være overlevert til Ingrid Holm Svendsen på et møte 14. august i forbindelse med spørsmålet om motregningsrett.

**Svar:** Krav om innsyn er innvilga. Sjå vedlegg 11.

4. I tillegg til innsynsbegjæringen sendt i går, ber vi med dette om innsyn i alle utgifter Hordaland fylkeskommune har hatt til eksterne advokater relatert til Bergen 2017/boet etter Bergen 2017.

**Svar:** Rekningene frå Kluge Advokatfirma AS summerer seg til kr. 308 741,25.

Hordaland fylkeskommune sin kostnad, medrekna mva-kompensasjon, vert då kr 246 993.

Sjå for øvrig lenke side 272-276 (meldingssak for fylkesutvalet 19.9.2018)

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/ShowDmbDocument?mId=817&documentTypeId=MI>

Helsing

**Petter Lem Gullestad**

Økonomi- og organisasjonsavdelinga  
Kommunikasjonsseksjonen | Fylkessekretariatet  
**HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

Tlf: 926 19 434

[petter.lem.gullestad@hfk.no](mailto:petter.lem.gullestad@hfk.no)

